



Røldalsspelet Den lange vegen

Røldalsspelet fortel Røldal si pilegrimshistorie gjennom spel og musikk.

Deltakarar på pilegrimsreisa frå Stavanger til Røldal får sjå dette spelet fredag 7. juli og billett er inkludert i deltakaravgifta.

Musikken er basert på en blanding av tradisjonell folkemusikk, moderne musikk med inspirasjon fra musikaler, rock, viser, jazz og andre kulturer.

Praktisk om vandringene

Det er daglege vandringar i varierende, kupert terreng. Nokre stader kan det være vått i marka, så vanntette fjellstøvlar er ein fordel.

Bagasjen vert frakta med bil, men ein liten svipptursekk for niste kan være greit å ha med. Vandringane på øyane går i lett terreng. Vandringane i Suldal og Røldal er noko meir krevjande.

Over Hylsskaret er det først 20 minuttar bratt stigning, så eit flatare parti før bratt nedstiging. Vegen går til dels på mosegrodd stein. Fredag 7. juli er det to alternativ.

Du kan velje vandring i Mokleiv og så ein fin busstur med fleire stopp gjennom vakre og dramatiske Brattlandsdalen til Botnen ved Røldalsvatnet. Der møter me igjen dei som har valt det andre alternativet:

Ei ganske krevjande vandring på meir enn fem timar over Suldalsskaret. Her går ein i bratte bakkar, over lyng og stein, gjerne óg over mindre snøskavlar og gjennom tett skog. Fleire stader må ein hjelpe kvarandre over bekkar. Vegen er dårleg merka, så ein må halde saman for å finne fram. Krossvandringa i Røldal på lørdag kveld går i ganske lett terreng, litt stigning i starten og så berre nedoverbakke. Men her kan det være glatte steinar, så du må passe på kor du trør!



Praktisk informasjon

Tid: Tirsdag 4. juli – søndag 9. juli 2023
Arrangør: Utstein Pilegrimsgard, tlf. 468 15 769
Turleiarar: Ann Kristin van Zijp Nilsen, Arvid Kaspersen og Eirik Moe
Plass: 25 deltakarar på langturen. *Mogleg å bli med på dagsetappar undervegs. Alle velkomne!*
Overnatting: Hoteller/pensjonat/husrom og campinghytter. Oppreidd seng. Varierende standard.
Pris: I dobbeltrom kr 8.900,-
Tillegg for enkeltrom: 1.000,-
Prisen dekkjer alle utgifter undervegs og i Røldal. Ein må sjølv flytte bagasjen over mellom buss og båt og ny buss.
Påmelding: innen 20. mai 2023 på våre nettsider: www.utsteinpilegrimsgard.no
Du vil få faktura tilsendt etter påmelding. Påmeldinger registreres fortløpende så lenge det er ledig plass. Se informasjon på våre nettsider om avmelding og refusjon.
Ta med: Dagstursekk, termos, sitjeunderlag, høvelege klede og vanntette sko/fjellstøvlar.

Arrangører:

areopagos
areopagos.no

UTSTEIN
PILEGRIMSGARD

www.utsteinpilegrimsgard.no



Den norske kyrkja

Pilegrim i Rogaland

Vi kan gå pilegrimsvandringar i Stavanger, til Røldal, i Suldal, på Utstein, på Avaldsnes, over Jæren, i Dalane og andre stader. Desse turane fortel om ei aukande interesse. Den interessa kjem mellom anna frå lengten etter meining og mål med feriane våre, lengten etter røter og samanheng i tilværet og gleda ved å vera ute i naturen.



For mange handlar det óg om den indre vandringa og meir stille i ei uroleg tid. *Utstein Pilegrimsgard* vil være ein stille stad som syner veg til Kristus. Her vert det halde retreat med ulike tema som kan gje hjelp til å få kontakt med viktige område i livet samstundes som ein brukar landskapet omkring. Kombinasjonen av ytre og indre vandring gjev liv til både kropp og sjel. Det er óg mogleg for grupper og enkeltpersonar å leige rom eller heile huset for eigne arrangement, eller avtale ulike opplegg med dagleg leiar. www.utsteinpilegrimsgard.no

Stavanger – Utstein – Sørbo – Talgje – Jelsa – Sand
Suldal – Hylsskaret – Mokleiv – Nesflaten
Brattlandsdalen – Suldalsskaret – Røldal



Pilegrimsreise fra Stavanger til Røldal

4. – 9. juli 2023



Medvandrar:
Dialogprest i Areopagos
Ann Kristin van Zijp Nilsen

Arrangør: Utstein Pilegrimsgard,
Areopagos og Den Norske Kyrkja

Pilegrimsreise frå Stavanger til Røldal

4. juli – 9. juli 2023

Frå øyane ved havet dreg me inn fjordane, gjennom grøderike dalar og over høgfjellet til pilegrimsmålet. Reisa går innom åtte kyrkjer. Undervegs blir det både kunst- og kulturhistoriske småfæredrag, og ikkje minst tid til stillheit. Dialogprest i Areopagos, **Ann Kristin van Zijp Nilsen**, vil vera med som pilegrimsprest. Fast tema for desse vandringane er «helse, helhet og hellighet», og i år vil presten setja dette i samanheng med naturen og Guds forhold til alt det skapte.

Røldal var, etter Nidaros, det mest kjende pilegrimsmålet i Norge i middelalderen. I hundrevis av år søkte pilegrimar frå fjern og nær det undergjerande krusifikset.

Bli med på ein innhaldsrik tur med buss, båt og vandringar. Det blir gudstenester, tidebøner, meditasjoner, samtaler og gode måltidsfellesskap.

Turen endar i Røldal der me er med på Pilegrimsstevne som startar fredag med eit musikkspel om Røldal si pilegrims-historie, *Den lange vegen*. Lørdag er vi med på mellom anna pilegrimsseminar, krossvandring og midnattsmesse.

På Jelsa får me høyre om det kjende Jelsa-krusifikset.




KRUSIFIKSET I RØLDAL



SULDAL



SULDAL




SULDALSSKARET – UTSIKT MOT RØLDAL

Program

Tirsdag 4. juli

12.00 Samling og utsending ved Stavanger Domkyrkje. Rutebuss til Utstein Pilegrimsgard. Middag, vandring og temasamling/kveldsbøn i Utstein kloster kyrkje (1 km). Overnatting på Pilegrimsgarden/ Utstein Kloster hotell.



Onsdag 5. juli

Temasamling. Buss til Rennesøy, vandring på Rennesøy og Talgje med buss imellom øyane. (6-7 km) Matpakkelunsj. Båt til Jelsa. Vandring til Jelsa kyrkje (1,5 km). Foredrag og kveldsbøn. Sein middag og overnatting på hotell på Sand.



Torsdag 6. juli

Kort vandring på Sand (1 km), morgonbøn i kyrkja. Buss eit stykke før vandring gjennom Suldal (7 km) til nattverdfeiring i kyrkja. Matpakkelunsj. Vandring over Hylsskaret (2 km). Middag og kveldssamvær i Mokleiv. Overnatting på Energihotellet på Nesflaten.

Fredag 7. juli

To alternativer: Du kan velje vandring i Mokleiv (ca. 2 km) og så ein fin busstur med fleire stopp gjennom vakre og dramatiske Brattlandsdalen til Botnen ved Røldalsvatnet. Det andre alternativet er bratt vandring på 5 - 6 timar (ca 8 km) over Suldalsskaret, frå Skitli ovanom Nesflaten, til Botnen ved Røldalsvatnet. Buss frå Botnen til Røldal. Velkomst i kyrkja, innlosjering i camping-hytter, middag og historisk spel. Seinare på kvelden er det pilegrimssamling på grendehuset i Røldal.

Lørdag 8. juli

Pilegrimsstemne i Røldal: Tidebøner, stille time, bygdevandring, pilegrimsseminar, krossvandring (6 km) og midnattsmesse.

Søndag 9. juli

Morgonsamling i kyrkja, frukost og avslutning. Turen sluttar her. Rutebuss og hurtigbåt tilbake til Stavanger. Rutebuss til Bergen eller Oslo. Returreisa betalar kvar enkelt sjølv.

Du kan velje å bli med på berre deler av turen. Fleire vandringar, alle samlingane i kyrkjene og kveldssamvær i Mokleiv er opne for alle. I Mokleiv er det òg høve til å kjøpe middag. Det er berre å møte fram! For meir orientering, sjå lokal informasjon og Pilegrimsgarden si nettside.